

UTKAST

Forslag til forskrift om endring i forskrift om tilskot til avløsning ved sjukdom og fødsel mv.

Fastsett av Landbruks- og matdepartementet XX.YY.2018 med heimel i lov 12. mai 1995 nr. 23 om jord (jordlova) § 3 og § 18.

I

I forskrift 19. desember 2014 nr. 1821 om tilskot til avløsning ved sjukdom og fødsel mv. skal desse endringane gjerast:

§ 2 skal lyde:

§ 2. Forholdet til jordbruksavtalen og anna regelverk

Tilskotet vert utrekna med grunnlag i føresegner om satsar, definisjonar, utmålingsreglar m.m. fastsett i *jordbruksavtalen*.

§ 3 skal lyde:

§ 3. Generelle vilkår

Tilskot etter denne forskrifta kan gjevast til føretak som er registrert i Einingsregisteret og som driv vanleg jordbruksproduksjon. *Etter § 7 kan tilskotet i staden gjevast til attlevande ektefelle, sambuar, forelder eller barn etter avdød jordbrukar.*

Den personen som det vert søkt tilskot for må ha hatt ei gjennomsnittleg næringsinntekt frå jordbruk, gartneri mv. frå føretaket på minimum ½ G i dei to siste inntektsåra som *vedkomande* har fått skatteoppgjer for per 1. januar i det året avløysinga finn stad.

Tilskotet kan gjevast til dekking av dokumenterte utgifter til avløsning.

Som avløsning reknast ikkje arbeid utført av person som

1. har næringsinntekt frå føretaket *eller nokon av føretaka i driftsfellesskapet,*
2. er ektefelle eller sambuar til nokon som har næringsinntekt frå føretaket *eller føretaka i driftsfellesskapet,* eller
3. er under 15 år.

§ 4 første ledd skal lyde:

Det kan gjevast tilskot ved sjukdom dersom den personen som det vert søkt tilskot til avløsning av er yngre enn 70 år og sjukemeldt frå arbeid i føretaket. *Det kan òg gjevast tilskot utan at sjukemelding ligg føre, dersom personen i samband med eigen sjukdom eller*

skade har vore til naudsynt behandling, kontroll eller undersøking på sjukehus eller hos spesialist godkjend av det offentlege.

§ 5 første ledd skal lyde:

Det kan gjevast tilskot når den personen det vert søkt tilskot for er gravid og tek i mot svangerskapspengar, eller søker kan dokumentere med vedtak eller erklæring frå NAV at personen fyller dei medisinske vilkåra for rett til svangerskapspengar.

§ 8 første og andre ledd skal lyde:

Søklar av tilskot skal nytte søknadsskjema fastsett av Landbruksdirektoratet.

Søknadsfristen er ett år etter siste dag i den perioden det vert søkt tilskot for.

§ 9 andre ledd skal lyde:

Landbruksdirektoratet og fylkesmannen kan i særskilte høve dispensera frå vilkåra i § 3 andre ledd, § 4 t.o.m. § 7 samt § 8 andre ledd.

§ 10 nytt annet ledd skal lyde:

I samband med søknadshandsaming og kontroll av tilskotsutbetalingar kan kommunen, fylkesmannen og Landbruksdirektoratet innhente opplysningar frå skatteetaten.

Nåværande andre ledd blir nytt tredje ledd.

§ 13 første ledd første punktum skal lyde:

Dersom nokon, anten som følgje av manglande oppfylling av vilkåra i denne forskrifta eller av andre grunnar, har motteke ei utbetaling som ikkje var rettmessig, kan det feilutbetalte beløpet krevjast tilbakebetalt frå mottakaren eller motreknast i seinare utbetalingar av tilskot.